

# ÅRSMELDING MØRE & ROMSDAL GJETERHUNDLAG - 2014

---

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 4 lokale gjeterhundlaga, og samansetninga har vore:

**Andor Bjørke, leiar / vara: Nils Edmund Stråmyr – ISG**

**Bjørn Inge Naastad /vara: Alvin Harstad – NRG**

**Sunniva Nupen / vara: Olav Lyng – VSG**

**Aage Thoresen /vara: Arnfinn Lien – MMG**

Styret har hatt 2 styremøter i 2014, i tillegg til fleire tilfelle av telefonisk kontakt. Totalt 9 saker har vore behandla i løpet av året.

## Året 2014

---

### Nye godkjende ekvipasjar

Heile 26 nye godkjende ekvipasjar i fylket 2014!

- **Jippi - Martin Kjersem Olsen - MMG**
- **Ekko - Nils Edmund Stråmyr - ISG**
- **Brakar - Jens terje Tennfjord - VSG**
- **My - Jan Myklebust - VSG**
- **Tinka - Atle Arnesen - VSG**
- **Zarg - Jan Myklebust - VSG**
- **Killiebrae Dan - Andor Bjørke - ISG**
- **Killiebrae Blue - Susann Osnes - ISG**
- **Meg - Andor Bjørke - ISG**
- **Ben - Nils Edmund Stråmyr - ISG**
- **Lumen - Bente Bonsaksen - ISG**
- **Tess - Ole Hjalmar Bonsaksen - ISG**
- **Tweed - Jørn Bernard Stadheim - ISG**
- **Frøya - Phillip Schips - VSG**
- **Molly - Ola Steinsvik - VSG**
- **Sussie - Alvin Harstad - NRG**
- **Todd – Ingvald Skårland - VSG**
- **Tarja - Per Larsgård - VSG**
- **Frodo - Anne Katrin Melle - VSG**
- **Sweet - Joakim Engdal - NRG**
- **Skir - Jens Terje Tennfjord – VSG**
- **Todd – Olav Lyng – VSG**
- **Laddie - Wenche Myrseth – NRG**

- **Nemi – Sunniva Nupen - VSG**
- **Lexie - Maren Ann Løvold - NRG**
- **Mist - Atle Arnesen - VSG**

Dette betyr at sidan MRGL blei starta opp, er det oppnådd totalt 112 nye bruksprov!

## Gjetarhundprøver

Det har vore stor prøveaktivitet i Møre og Romsdal også i 2014. Det vart arrangert tilsaman 10 prøver med tilsaman 357 startande hundar på dei forskjellige DP rundt om i fylket, i tillegg til 106 på Norgesmeisterskapet i Follestaddalen. Med andre ord er det også i år lagt ned eit enormt dugnadsarbeidet, ikkje minst gjennom årets hovedarrangement; Norgesmeisterskapet i Follestaddalen. MRGL takkar alle som har delteke.

## Gjeterhundkurs

Det har dette året vorte arrangert 5 gjeterhundkurs i fylket med tilsaman 29 deltakarar, som er ein av grunnsteinane i rekruttering og for å auke nivået på ekvipasjane våre ute i praktisk arbeid.

I 2014 fekk vi fullført instruktørkurset, og fylket kan no skilte med ytterligare 4 godkjende instruktørar; Susann Osnes, Bente Bonsaksen, Merethe Hellevik og Nils Edmund Stråmyr.

## NM-arrangement og deltaking for MRGL 2014

NM i bruk av gjeterhund i 2014 blei arrangert av MRGL i Follestaddalen, den 10.-12. oktober. Dette var eit stort arrangement, med heile 90 startande over 2 dager med påfyljande finale med dei 16 beste fra dei to innleiande rundane. Innleiande runde gjekk i klasse 3 m/deling, medan det i finalen var dobbelhent med sortering. Jo Agnar Hansen med hunden Sisko drog av med sigeren og tittelen Norgesmeister i Gjetarhund 2014!

I alt seks ekvipasjar frå Møre og Romsdal deltok i årets NM.

**Jan Myklebust og Akersborg REX og TIND, Susann R. Osnes og ANDY, Andor Bjørke og MEG, Atle Arnesen og MIRK og Nils Edmund Stråmyr med ROXY.**

Ingen av våra ekvipasjar kvalifiserte seg til finalen. Resultatmessig kom Andor Bjørke med hunden Meg på 25 plass, Susann Rypdal Osnes med hunden Andy tok 29 plassen, Jan Myklebust med hunden Akersborg Rex tok 30 plassen, Nils Edmund Stråmyr med Roxy tok 46 plassen, Atle Arnesen med Mirk tok 60 plassen og tilslutt Jan Myklebust med Tind på 61 plass!

Alt i alt må vi seie oss særskilt godt nøgd med plasseringene til deltakarane frå Møre og Romsdal i NM 2014, skjølv om ingen klarte å kvalifisere seg til finalen, fekk fylket likevel ein ekstra plass til NM 2015 med dei resultata. Då skal ein ikkje gløyme at detta var eit NM vi sjølv var arrangørar av, og det gir ikkje den beste forberedninga for å stille til konkurransen for dei einskilde deltakarane frå fylket. Totalt har Møre og Romsdal nå oppnådd 6 plasser til NM 2015!

**Flott innsats og MRGL nyttar høve til å både gratulere med eit flott NM arrangement og takker for ein kjempeflott innsats i 2014!**

## Norgesserien 2014

Norgesserien bestod i 2014 av 6 prøver, fordelt over 3 prøvehelger der dei fire beste talde med i samandraget. MRGL stod ikkje som arrangør av Norgesserierprøver i 2014, grunna NM i Follestaddalen. Finalen i Norgesserien gjekk av stabelen i Vågå. Jan Myklebust med Akersborg Rex vart samanlagt nr 47, og dermed den beste fra fylket og vi gratulerer med den prestasjonen!

## Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet ble arrangert på Fiskå den 6.oktober med Ståle Øye frå Ørsta som dommar. Fylkesmeisterskapen blei arrangert i klasse 3 med deling i den innleiande runden, og dobbelhent og sortering i finalen.

Fylkesmeister blei Jan Myklebust med Tind, som med dette også tok tittelen «Beste unghund for 2014». Det betyr at Jan Myklebust dermed tok begge hovedtitlene i fylkesmeisterskapet og vi gratulerer så mykje med det! Vidare kan vi oppsummere andre og tredje plassen frå Fylkesmeisterskapet, som gjekk til Andor Bjørke og Meg og Nils Edmund Stråmyr og Roxy.

## Unghundcup'n 2014

Årets Unghundcup ble igjen vunnet av Nils Edmund Stråmyr, som med hunden Steel dette året vant tittelen for andre år på rad. Han vant som kjent med hunden Roxy i 2013, og gjentar bragden i år med annen hund – Steel!

MRGL gratulerer Nils Edmund og Steel med tittelen, og de får gravert inn sine navn for evig tid på Unghund-skjoldet!

## Landslaget 2014

Det blei i 2014 avholdt World Trial i Skottland, og fylket hadde to ekvipasjer med på landslaget 2014. Jan Myklebust med Akersborg Rex og Susann Rypdal Osnes med Andy var med på landslaget som drog til i Skottland i september. Resultatmessig kan ein oppsummere at verken Susann Osnes eller Jan Myklebust, som stilte på ulike baner på den innleiande runden, klarte å kome seg vidare til semi finalen. Denne skjebnen fekk og 11 andre frå Norges landslag (totalt 15), men det gjekk likevel bra for Norges del, med sølv i lagkonkurransen. Utøver dette fekk Norge to kjempebra plasseringa med en 4 og en 7 plass totalt sett. Det var Torbjørn Jaran Knive og Bea med 4 plassen medan Jo Aagnar Hansen og Sisko tok 7 plassen.

## Nettsidene

Nettsidene til MRGL ([www.mrgl.no](http://www.mrgl.no)) har vore oppdatert av Andor Bjørke jamnt over året, og har vore mykje brukt, og ei velfungerande nettside er viktig for både å få ut informasjon og vidare spire til nye tiltak rundt om i fylket!

## Oppsummering

Året 2014, som inneholdt både NM arrangement, mange distrikts prøver og kurs fordelt utover fylket viser at det er høg aktivitet i dei fleste delane av fylket, og det må ein seie seg svært godt nøgde med.

For å kunne oppretthalde bruken av gjetarhund i småfehaldet i fylket, må det jamn rekruttering til. Nye godkjende instruktørar, ulike gjetarhundkurs og faste fellestreninger rundt om i dei fire lokallaga er alle faktorer som bidreg til det. Viktige føresetnader for å få dette til, er gode miljø i lokallaga som møtes jevnlig og trenar, og videre får testa gjetarhunden på prøver i klasse 1.

MRGL sitt styret takkar alle som står på i sitt lokallag med gjetarhundarbeid og på den måten tek seg av grasrota rundt om i fylket – Uten den enorme innsatsen hadde ikkje MRGL klart så føre i marka så mange nye bruksprov sidan oppstarten i 2009, som nå teller heile 112 stykker!

Andor Bjørke,

Leiar, Møre og Romsdal Gjetarhundlag - MRGL